

Detaljregulering for Vestkapp, Stad kommune

Oppdragsgjevar

Vestkapp Holding AS

Rapport type

Planinitiativ

Prosjektnr.

240172

Dato

09.04.2024

Planinitiativ



1 Opplysningar til kommunen

| | |
|--|---|
|  <p>nordplan arkitektur konstruksjon landskap</p> | Prosjektnr: 21.02.2024 |
| Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no | Kundeinformasjon: Liv Koller-Borg, Vestkapp Holding AS |
| Prosjektleiar: Øyvind Sødal | Sign:  |
| Medarbeidarar: Iselin Ditlevsen Løkken Marte Turtum | Sign:  |
| KS: | IDL |

1.1. Bakgrunn og føremål med planarbeidet

På vegne av Vestkapp Holding as sender vi planinitiativ og førespurnad om oppstartsmøte etter plan- og bygningslova § 12-8. Planinitiativet omtalar premissane for det vidare planarbeidet, og er grunnlag for gjennomføring av oppstartsmøte.

Føremålet med planarbeidet er å gjennomføre ei detaljregulering som legg til rette for etablering av restaurant med overnattingsmoglegheiter og allmennytige formål som til dømes besøkssenter og toalett. I tillegg skal det sikrast vegtilkomst via eksisterande tilkomstveg. Det er også planlagt parkering nede ved Fylkesvegen. I tilknyting til formåla skal det sikrast tilkomst for utrykkingskjøretøy, samt varelevering, ev. personalparkering og HC-parkering. Øvrig parkering ønskes løyst ved etablering av ny parkering ved fylkesvegen, med busstransport. Ny reguleringsplan vil utvide planområdet til også å gjelde Vestkappvegen (med sideareal) ned til Årvikvegen (FV 5750), samt areal for parkering nede ved Årvikvegen.

Planområdet har eit areal på 120 daa, og omfattar areal på følgande gards- og bruksnummer: 235/12, 235/20, 235/ 31, 235/32 og 235/33.

1.2. Planområdet og avgrensing

1.2.1. Dagens situasjon i planområdet

Planområdet ligg på Vestkapp i Stad kommune, på fjellplatået Kjerringa heilt nord-vest i kommunen ca. 55 km i luftlinje frå kommunesenteret Nordfjordeid (*Figur 1*). Fjellplatået ligg

heilt ut i havgapet, og fjellklippa er nesten flat på toppen med skrentar som stuper bratt ned i havet. Det er i dag etablert ein restaurant oppe på platået, Vestkapp Restaurant, samt to mindre hytter for uteleige. Desse hyttene blir teke ned om vinteren, og satt opp att til sumarsesongen frå mai månad. Meteorologisk Institutt har og ein av sine værradarar her, «radar Stad», som ligg innanfor planområdet. Radar Stad er reist som ei stor, kvit kule på eit tårn av naturstein og utgjer eit landemerke i området. Det går ein veg opp til restauranten frå FV5750. Nord-aust for dagens restaurant, langs vegen, ligg det ein parkeringsplass.

Vestkapp er eit område med mykje historie og særegne kvalitetar. Planområdet grensar til Dekkjene naturreservat, verna med formål om å ta vare på eit særegne landskap med spesiell geologi, den utvalde naturtypen kystlynghei og ein artsrik flora. Naturtypen «oceanisk nedbørsmyr», registrert med stor verdi, grensar til vestkappvegen i aust. I og rundt planområdet finn ein spor etter torvtaking og torvhus, samt restar etter ein av dei største radiostasjonane frå 2. verdskrig. Restane etter anlegget er i dag synleg som steinmurar/grunnmurar i terrenget. Området er og kartlagt som eit «svært viktig friluftsområde», og i kart ser ein at det går fleire turstigar i området.

Kjerringa og Vestkapp inngår i området «Stadtlandet» som er registrert som «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» av Riksantikvaren. Dette gjev ikkje noko formelt vern, men viser at området har kvalitetar som er spesielt interessant og viktige. Formålet med desse registreringane er at desse områda vert teke ekstra omsyn til i kommunal planlegging. Området omfatta av planforslaget er også del av eit større område som Statsforvaltaren i Vestland har peika ut som aktuelt for supplerande vern etter naturmangfaldlova. Dette viser og at området har nasjonal interesse og verdi.



Figur 1. Bilete henta frå Google street view viser restauranten som står der i dag samt værstasjonen til meteorologisk institutt i bakgrunnen.


1.2.2. Avgrensing av planområdet

Planområdet oppe på platået samsvarar i hovudsak med gjeldande reguleringsplanen, med ei mindre justering av sirkelen slik at grensene samanfell med eigedomsgrensene og for å sikre areal til tilkomstveg. Forslag til planavgrensing inkluderer Vestkappvegen for å sikre tilkomst til arealet på platået, samt areal i tilknyting til fylkesvegen for å sikre areal til parkeringsplass for buss og personbilar. Det er førebels lagt inn tre alternativ til parkering ved fylkesvegen, men det vidare planarbeidet skal gjere ei grundig vurdering av kva alternativ som er mest føremålstøylegt med omsyn til både trafikktryggleik og natur-/miljøomsyn. Forslag til planavgrensing inkluderer også ein privat parkeringsplass oppe på platået, som er eigd og drifta av lokale grunneigarar. Arealformåla i gjeldande reguleringsplan ønskes i hovudsak


vidareførast slik dei ligg i dag, med restaurant med overnattingsmoglegheiter og friluftsområde (figur 7) med tilpassingar for å sikre tilstrekkeleg areal for tilkomstveg mv. Parkeringsplassen nede ved fylkesvegen vil krevje ei omdisponering frå LNFR formål i kommuneplanen sin arealdel.




Figur 2. Kartutsnittet viser plasseringa av planområdet med raud og kvit nål. Kjelde: norgeskart.no.



Figur 3. Forslag til planavgrensing.



Figur 4. Eigedomskart øvre del av planområdet. Arealet regulert til næringsareal i dagens plan og som ønskes videreført i ny plan omfattar gbnr. 235/32 og 235/12:.




Figur 5. Eigedomskart nedre del av planområdet. Arealet omfattar del av Fv. 5750 p Gbnr. 235/29. Øvrig areal ligg i kartverket utan matrikkelnummer, og er eigd i jordsameiger.


1.3. Forhold til gjeldande planverk

Foreslått planområde er omfatta av følgjande planar:

- Kommuneplanen sin arealdel, planID: 14412001701 (06.07.2018), sjå *Figur 3*.
 - Reguleringsplan Vestkapp, planID: 1441200705 (17.02.2007), sjå *Figur 4*.
 - o Terrenginngrep i området må avgrensast mest mogleg.
 - o Utnyttingsgrad for byggeområdet er satt til BYA=35%.
 - o For nye bygningar skal det takast omsyn til at bygningane si form, fasade, materiale, farge og murar harmonerer med f.es. bygning, samt landskap på Vestkapp.
 - o Mønehøgd på nye bygg skal ikkje overstige 6m, eller mønehøgd på eksisterande bygg.
 - o Parkering, varetransport og vareinntak skal ikkje skje på eiga tomt innanfor byggeområdet. Løysingar for parkering må ikkje gripe tungt inn i terrenget, samt utførast skånsamt i det sårbare landskapet på Vestkapp.
 - o Ved byggjearbeid i nærområdet til radaren må dette koordinerast med MET. Ved grave- og sprengingsarbeid i radaren sitt nærområde så må det sikrast mot påfølgande setningsskadar, samt skadar på radartårn og tilhøyrande jordingsnett.
 - Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2030.



Figur 6. Kartutsnitt frå kommuneplanen sin arealdel. Ljos grøn farge viser LNFR-område med hensynszone for friluftsliv og bevaring naturmiljø. Rosa/ raudt område langs Vestkappvegen har arealformål «forsvaret», lilla område har arealformål «næringsvirksomhet», oransje farge viser «andre typer bebyggelse og anlegg».



Figur 7. Kartutsnittet viser gjeldande reguleringsplan i planområdet som vil bli erstattat av ny plan. Kjelde. Kommunekart.no.

1.4. Analysar/utgreiingar som ligg føre ved oppstart

- Landskapsanalyse for Vestkapp, Nordplan 2021.
- Forprosjekt Bevaring og utvikling av Vestkapp, PWC 2020
- Stadlandet, kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse, ID K559
<https://askeladden.ra.no/AskeladdenRedigering/#/kulturmiljodetails/559>
- UKL Stadlandet <https://stad.kommune.no/tenester/naring-landbruk-og-skatt/landbruk/utvalde-kulturlandskap/>

1.5. Planlagde tiltak og verknader av planforslaget

Planarbeidet har som mål å legge til rette for eit nytt bygg med restaurant, overnatting og allmennytige formål på fjellplatået Vestkapp og Kjerringa. Restauranten i det nye bygget planleggjast som ei vidareutvikling av dagens eksisterande restaurantdrift. Det planlagde bygget skal erstatte eksisterande bygg, og det gamle bygget skal rivast. Nytt bygg skal tilpassast slik at det gjev minst mogleg påverknad på landskap og omgjevnader. Det er tenkt at det skal byggjast i naturlege materiale, som stein, og det er ynskjeleg å hente inspirasjon frå element i natur- og kulturlandskapet (t.d. steinmurane ein finn rester av i området). Det er eit mål at ein tek vare på og framhevar dei kvalitetane og verdiane som finns i området gjennom prosjektet, som områdets verdi for friluftsliv og dei spesielle natur-, kultur- og landskapsverdiane. Det er eit mål at alle skal føle seg velkomne og at bygninga ikkje skal opplevast privatiserande. Ålmenta er gjeve tilgang til bygget ved fasilitetar som opne offentlege toalett og felleshus (for formidling, kursverksemd etc.).

Det vidare planarbeidet skal avklare og gjere naudsynt greie for følgande:

- Køyretilkomst.
- Parkeringsbehov og -løysingar.
- Utnyettingsgrad, byggehøgder og -volum.
- Estetikk og byggeskikk, inkludert takvinkel, materialval og fargebruk.

- Verknader for eksisterande verdiar knytt til landskap, naturmiljø, kulturmiljø og friluftsliv. Visuelle nær- og fjernverknadar.
- Verknadar for eksisterande infrastruktur. Utarbeide rammeplan for vatn og avlaup.
- Risiko- og sårbarhetsforhald.

Tilkomsten til Vestkapp-platået ønskes sikrast ved å inkludere Vestkappvegen i planområdet. Sidan kommunen har drift og vedlikehald på vegen er den definert som offentleg veg etter veglova. I det vidare planarbeidet ønskes det å regulere vegen til offentleg vegformål.

1.6. Samfunnssikkerheit

Planinitiativet skal gjere naudsynt greie for korleis samfunnssikkerheit skal ivaretakast i planarbeidet, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit. Under følgjer sjekklista, som brukt ved ROS-analyse, brukt for å identifisere moglege uønskte hendingar, samt eliminere problemstillingar som ikkje er aktuelle for nærmere gjennomgang. Sjekklista følgjer dei to første trinnene for ROS-analyse i DSB-rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging, metode for risiko- og sårbarhetsanalyse i planleggingen» (2017). Det er i dialogmøte med Stad kommune framkomme ønske om at også trinn 3 med vurderingar av risiko og sårbarheit gjennom sannsyn/konsekvens/usikkerheit skal vurderast allereie i oppstartsfasen. Planfagleg og med støtte frå brannrådgjevar, som har vurdert relevante uønskte hendingar i sjekklista under kjem vi til at det er for tidleg å vurdere trinn 3 med grunnlaget som føreligg. Det er stor usikkerhet rundt byggverk og funksjonar i bygget som vil gje forskjellar i dimensjonering. Ei vurdering av risiko med sannsynlighet og konsekvens vil bli med dårleg kvalitet og bør heller gjerast som eit ledd i planarbeid og skisseprosjekt med brannkonsept. Førebels vurdering vil vere utgangspunkt for diskusjon i oppstartsmøtet.

| SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar | | | | |
|---------------------------------------|--|-----|---|-------------|
| | UØNSKA HENDING | J/N | KOMMENTAR/TILTAK | KJELDER |
| STORE ULUKKER | Eksplosjon, utslepp av farlege stoff, akutt ureining | N | Det er ikkje kjent slik fare i eller omkring planområdet i dag, og planen legg heller ikkje opp til tiltak som vil auke denne faren. | Nordplan as |
| | Brann i bygning/anlegg | J | Tiltaket som det ønskjast å opne for vil auke sannsyn for, og alvorleghetsgrad av brann i planområdet. Planarbeidet skal vurdere behov for automatisk slokkeanlegg. Basert på noverande informasjon vil overnatningsdel vil sannsynlegvis ha sprinkelkrav. Hvis denne blir seksjonert for seg vil restaurantdel og besøkssenterdel ikkje ha sprinkelkrav, men for å kompensere for lang utrykkingstid kan ein her auke sikkerheitsnivået ved å etablere vasståkeanlegg. Planarbeidet skal vurdere om det er behov for evakueringsbygg dimensjonert etter sengeplassar og antall tilsette knytt til overnatting. Planarbeidet skal vurdere tiltak for brannsikring av elektriske anlegg og lynavleiing. Brannvesenet vert varsle ved oppstart av planarbeidet. | Nordplan as |

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar

| UØNSKA HENDING | J/N | KOMMENTAR/TILTAK | KJELDER | |
|----------------|---|------------------|--|---|
| | Større ulykker (veg, bane, sjø, luft) | N | I fylge vegkart er trafikkmengda på Årvikvegen FV 5750 berekna til 100 ÅDT. Den kommunale vegen som går vidare opp til planområdet har ikkje berekna ÅDT. Det er ikkje grunn til å tru at denne vegen er spesielt trafikkert. Det er vurdert at det ikkje er fare for større ulukker i tilknyting til veg. | Nordplan as |
| | Storulykke objekt | N | Det er ikkje kjent storulukkeobjekt i eller tilgrensande planområdet. | Nordplan as |
| | Kollaps av bygning/konstruksjon | N | Det er ikkje kjent fare for kollaps av bygning eller konstruksjon. | Nordplan as |
| | Akutt ureining | N | Det er ikkje kjent at det finns kjelder til forureining innanfor planområdet i dag. Utover at det er registrert ein septiktank i tilknyting til eit bygg ved/ i planområdet. Ny plan legg opp til drift med restaurant og overnattingsmogleigheter, samt almennytige formål som besøkssenter og toalett. Handterast i rammeplan for vatn, avlauv og overvatn som skal fylge planforslaget. | Nordplan as Fylkesatlas.no «Forureining» |
| NATURFARE | Flaum og stormflo | N | Planområdet ligg ikkje innanfor fare- og aktsemddsona for flaum jf. kart frå NVE. | NVE kartkatalog |
| | Havnivåstigning | N | Ikkje aktuelt. | Sehavnivå.no |
| | Jord- og flaumskred, fjellskred med konsekvens tsunami eller oppdemming | N | I følgje kart frå NVE ligg ikkje planområdet innanfor faresona for jord-, flaum- eller fjellskred. | NVE/Fylkesatlas |
| | Snøskred | N | Ifølgje aktsemddskart frå NVE er ikkje planområdet omfatta av aktsemdsone for snøskred. | NVE/Fylkesatlas |
| | Steinsprang/steinskred | N | Ifølgje aktsemddskart frå NVE er ikkje planområdet omfatta av aktsemdsone for steinsprang. | NVE/Fylkesatlas |
| | Kvikkleire | N | I følgje kart frå NVE ligg ikkje planområdet innanfor potensielt fareområde for kvikkleire. | NVE kartkatalog |
| | Erosjon (langs vassdrag og kyst) | N | Det er vurdert at dette ikkje er relevant for planområdet. Det renn ein liten bekk frå Årvikskaret med utløp i Årvika, men det er vurdert at denne ikkje utgjer nokon risiko for erosjon i planområdet. | Nordplan as. Fylkesatlas |
| | Overvatn | N | Planområdet består i dag av open fastmark. Overflatevatn vil hovudsakleg infiltrerast i grunnen, eller vil fylgje bekkar innanfor planavgrensinga. | Kilden.nibio.no |
| | Skog- og lyngbrann | N | Planområdet er ikkje høgvokse vegetasjon innanfor planområdet, men det er registrert kystlynghei i/ i nærliken | Nordplan as |

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar

| UØNSKA HENDING | J/N | KOMMENTAR/TILTAK | KJELDER |
|---|------------|--|--|
| KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR OG INFRASTRUKTUR | | av planområdet. Det er vurdert at det ikke er stor fare knytt til dette. | |
| | N | Ifylgje <i>Klimaprofil for Sogn og Fjordane (2022)</i> er det knytt stor usikkerheit til framskrivingane for vind, men truleg lite endring. Planområdet er svært vindutsett, og ved ekstremvær vil det potensielt kunne oppstå materielle skadar på bygningar og anna. Det er ikke vurdert at risikoene for dette krev vidare utgreiing. | Norsk klimaservicesenter, klimaprofil Sogn og Fjordane |
| | N | I tilknyting til Fylkesvegen og nytt kryss kan det verte noko risiko for ulukker. Dette kan føre til at Fylkesvegen må stengjast heilt/ delvis i ei periode. Det er vurdert at dette ikke er så kritisk at det må utgreia vidare. | Nordplan as |
| | N | Ikkje kommunal vassforsyning. Elles ikke kritisk med bortfall sidan det skal regulerast til restaurant/overnattning. | Nordplan as |
| | N | Ikkje kommunalt avlaupssystem. Elles ikke kritisk med bortfall sidan det skal regulerast til restaurant/overnattning og ikke permanent bustad. Løysingar for handtering av spillvatn skal vurderast i det vidare planarbeidet, gjennom utarbeiding av VAO rammeplan. | Nordplan as |
| | N | Det er vurdert at det ikke vil vere kritisk med bortfall sidan det skal regulerast til restaurant/overnattning. | Nordplan as |
| | N | Aktuelle løysingar for overvatn skal vurderast i det vidare planarbeidet, gjennom utarbeiding av VAO rammeplan. | Nordplan as |
| | J | Næraste brannstasjon ligg i Leikanger, ca. 15 km fra planområdet. Planområdet har i dag etablert tilkomst via Fylkesveg 5750, Årvikvegen, og vidare via den kommunale vegen Vestkappvegen. Estimert køyretid fra brannstasjonen i Leikanger til Vestkapp er ca. 24 min, noko som gjev relativt lang responstid. Planarbeidet skal sikre tilkomst for sløkkebil, herunder vurdere krav om opparbeiding av tilkomstveg vedr vegbreidd, møteplass, stigningsforhold og akseltrykk. Brannvesenet vert varsle ved oppstart av planarbeidet. | Nordplan as |
| Tilgang på sløkkevatn | J | Planarbeidet skal vurdere eventuelle krav om etablering av lokal sløkkevasskapasitet i tank mogleg størrelse 180m ³ , sprinkelkrav og/eller vasståkeanlegg. Ein kan oppnå tidleg slukking som vil bruke mindre av vatnet til brannvesenet, føre til mindre vasskader og mindre utslepp av giftig | Nordplan as |

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar

| UØNSKA HENDING | J/N | KOMMENTAR/TILTAK | KJELDER |
|----------------|-----|--|-------------|
| | | slokkevatn til omiggande, verna natur. Brannvesenet vert varsla ved oppstart av planarbeidet. | |
| Trafikkulykke | N | Med etablering av besøkssenter og vidareutvikling av eksisterande restaurant med overnattingsmoglegheiter vil det bli auke i transport til området. Det er vurdert at det likevel ikkje vil vere stor risiko for trafikkulukker i/ tilgrensande planområdet, da trafikkmengda er lita, fartsgrensa låg og det er få gåande. Største risikoen for ulukker er knytt til på- og avkjøring til fylkesvegen, men på grunn av lita trafikkmengd og på denne er det vurdert at det ikkje er naudsynt med vidare utgreiingar av dette. | Nordplan as |

1.7. Varsling av tiltaket og prosessar for medverknad

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8, vert oppstart av planarbeidet varsla ved annonse i lokalavis, samt på heimesidene til Nordplan og Stad kommune. Naboar og andre offentlege og private interesserar vil bli varsla direkte ved brev/e-post. Det vert ikkje lagt opp til medverknadsprosessar ut over det som er knytt til ordinær varsling i saka.

Førebels høyringsliste for offentlege og private høyringsinstansar leggast til grunn, og vert supplert etter oppstartsmøte med kommunen:

| Namn | E-post |
|--|--|
| Statens vegvesen, region vest | firma@vegvesen.no |
| Statsforvalteren i Vestland | sfv@statsforvalteren.no |
| Vestland fylkeskommune | post@vlfk.no |
| NVE Region vest | nve@nve.no |
| SFE Nett | post@sfe.no |
| Telenor kabelnett | kabelnett@telenor.com |
| Mattilsynet | postmottak@mattilsynet.no |
| Nordfjord miljøverk IKS | post@nomil.no |
| Naturvernforbundet i Eid og Sogn og Fjordane | eid@naturvernforbundet.no , sognogfjordane@naturvernforbundet.no |
| Stad kommune v/ brannsjef | post@stad.kommune.no |
| Forsvarsbygg | servicesenter@forsvarsbygg.no |
| Meteorologisk institutt | post@met.no |
| Nasjonale turistveger | silje.amundsen@vegvesen.no |
| Årvik Grunneigarlag | v/Per Arne Årvik |

1.8. Vurdering etter forskrift om konsekvensutredninger

Forslagsstiller har, jf. § 4 i forskrift om konsekvensutgreiingar (06/2017) (KU-forskrifta), ansvar for å vurdere om planen er omfatta av §§ 6, 7 og 8 i same forskrift.

Det er vurdert at planen ikkje er omfatta av §§ 6 og 7, og løyser slik ikkje ut eit automatisk krav om konsekvensutgreiing. Tiltaka er vurdert etter § 8, og jf. § 8 bokstav a) skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Det er vurdert at tiltaka i planforslaget fell inn under vedlegg II pkt. 13 (*Utvidingar eller endringar av tiltak nemnt i vedlegg I og vedlegg II som kan få vesentlege verknader*). Tiltaket er ei utviding av tiltaket som fell inn under pkt. 12 (*turisme og fritid*) bokstav c) *hotellkomplekser utenfor bymessige områder og tilknytt utbygging* og pkt. 10 (*infrastrukturprosjekt*) bokstav e) i. *Bygging av veier*. For å avgjere om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn er det gjort ei vurdering etter kriteria i § 10 i forskrift om konsekvensutgreiingar, vist i tabell under.

Eigenskapar ved planen eller tiltaket §10, andre ledd:

| |
|--|
| a) Storleik, planområde og utforming |
| Planområdet med areal for tilkomstveg og parkeringsplass nede ved fylkesvegen er utvida i forhold til gjeldande reguleringsplan for Vestkapp-platået. Nytt bygg vil erstatte gammalt bygg. Utvidinga i forhold til dagens situasjon er avgrensa, og vil i hovudsak utgjere parkeringsplassen nede ved fylkesvegen. |
| b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar |
| Det er ikkje lagt opp til anna utnytting av naturressursar enn arealet planen beslaglegg. |
| c) Avfallsproduksjon og utslepp |
| Ikkje aktuelt. |
| d) Risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofar |
| Det er vurdert at planen ikkje vil medføre særleg auke i risiko for alvorlege ulukker og/ eller katastrofar i området. |

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane §10, tredje ledd:

| | |
|----|--|
| a) | <ul style="list-style-type: none">▪ verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markaloven § 11▪ utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI)▪ prioriterte artar▪ verna vassdrag▪ nasjonale laksefjordar og laksevassdrag objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova |
| b) | <ul style="list-style-type: none">▪ truga artar eller naturtypar▪ verdifulle landskap▪ verdifulle kulturminne og kulturmiljø▪ nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar |

| | |
|----|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> ▪ område med stor betydning for samisk |
| c) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ statlege planretningsliner ▪ statlege planføresegner eller regionale planføresegner |
| d) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ større omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemد |
| e) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar blir overskride |
| f) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Konsekvensar for folks helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftforureining |
| g) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vesentleg forureining eller klimagassutslepp |
| h) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum |

Denne vurderinga etter § 10 er gjort på grunnlag av kjent kunnskap og tilgjengeleg informasjon i offentlege databasar. Tiltaket er lokalisert i eit område med verdifulle landskap, kulturminne og kulturmiljø, truga artar og naturtypar og i eit område som er særleg viktig for friluftsliv. Jf. KU forskrifta § 8, vedlegg II pkt. 12 og pkt. 13 er det likevel vurdert at tiltaket med eit nytt bygg på Vestkapp-platået og utviding av tiltaket ift. dagens situasjon er såpass avgrensa i omfang at tiltaket ikkje vil føre til vesentlege verknader for miljø eller samfunn og ikkje utløyer kravet om konsekvensutgreiing jf. § 10. Tiltaket samsvarar og i hovudsak med føringar gitt i overordna plan og gjeldande reguleringsplan, med unntak av ei mindre utviding av næringsformålet. Jf. KU forskrifta § 8, vedlegg II pkt. 10 bokstav e. er det derimot vurdert at tiltaket med parkeringsplass nede ved fylkesvegen løyser ut kravet om konsekvensutgreiing. Dei aktuelle områda for parkeringsplass er i overordna plan avsett til LNFR-formål, og tiltaket samsvarar slik ikkje med overordna plan. Området ligg i dag som eit myrområde. Både områda omfatta av naturreservatet og området på austsida av vestkappvegen innehavar sjeldne og verdifulle myr-typar, kor område i naturreservatet er omfatta av verneplan for myr. Området har slik spesielle verdiar knytt til naturtypen myr, og ei omdisponering frå LNFR område og nedbygging av myr i dette området er derfor vurdert at kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Med helsing

Nordplan AS

Vedlegg – forslag til planavgrensing